– Det er heilt klart at SV ønskjer å halde fast ved 3-prosentmålet, og vi ønskjer også ein meir forpliktande opptrappingsplan for forskning, seier Lena Jensen (SV), som sit i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen (KUF-komiteen) på Stortinget.

Det ser altså ut til at SV er einig med opposisjonspartia i spørsmålet, sjølv om SVs eigen statsråd Tora Aasland har brukt mykje tid på å forsvare at 3-prosentmålet vart utsett på ubestemt tid i den nye forskningsmeldinga.

– Med ein statsråd frå SV, kvifor vart ikkje forskningsmeldinga meir ambisiøs?

– Forskningsmeldinga er ambisiøs. Men kor stort gjennomslag SV får i regjering, vil vere

Det er eit stort problem at politikarane i praksis ikkje følgjer opp det dei sjølve har forplikta seg til.

BJARNE HODNE, leiar i Forskerforbundet

avhengig av storleiken på partiet, svarar Jensen.

– Tyder dette at forskingsmeldinga hadde blitt annleis utan innblanding frå Ap?

– Forskingsmeldinga ville nok ikkje sett sånn ut nei, svarar Jensen, som elles ikkje vil kommentere kva som blir diskutert internt i regjeringa.

– SV prioriterer forskning, konstaterer Jensen, og vi må gje henne rett i at partiprogrammet til SV er både omfattande og imponerende detaljert, ikkje minst om ein samanliknar det med Ap sitt program, som er lite konkret og omtalar forskning i svært generelle vendingar.

Rop om meir pengar

Kritikken mot den nye forskingsmeldinga har vore uvanleg sterk, og under handsaminga i KUF-komiteen samla mindretalet seg om ei

mengd motforslag. Alle i opposisjonen ville gje meir til forskning og høgare utdanning, og millionane sat laust.

– Dette er første gongen eg har sett så tydelege skilje mellom partia under handsaminga av ei forskingsmelding, seier Dagrun Eriksen (KrF), som er 2. nestleiar i KUF-komiteen.

– Partia er vanlegvis mykje meir samstemde, men denne gongen delte komiteen seg på midten, seier ho.

Men Per Nyborg, som på ulike vis har arbeidd med forskingspolitikk i ein mannsalder, seier det ikkje er første gongen ei forskingsmelding har møtt sterk motstand.

– Som embetsmann i departementet skreiv eg sjølv ei forskingsmelding for Ap i 1981, og den fekk mykje motbør. Opposisjonen ropte om

meir pengar. Men så vart det regjeringsskifte, og eg måtte skrive eit tillegg til meldinga. Då viste det seg at heller ikkje Høgre hadde pengar å bruke på forskning, fortel Nyborg, som mellom anna også har vore leiar i Forskerforbundet.

Nyborg trur ikkje ein kan vente seg ein ny forskingspolitikk om det blir regjeringsskifte.

– Nei, diverre ikkje. Dei fleste partia meiner forskning er viktig, men ikkje så viktig at det kjem øvst på prioriteringslista.

Og han får støtte av Bjarne Hodne, leiar i Forskerforbundet, som meiner det er eit stort problem at politikarane i praksis ikkje følgjer opp det dei sjølve har forplikta seg til.

– Det er for lite samsvar mellom regjeringserklæringar og realiseringa av politikken. Etter Soria Moria-erklæringa slit regjeringspartia med å få gjennomført sine eigne prioriteringar, og det er bekymringsfullt, seier han.

– Det eine partiet lovar meir enn det andre til forskning. Men kan ein tru på politikarane?

– Opposisjonen har kome med rundt 30 forslag til endringar i forskingsmeldinga og har vist haldningar som peikar i meir forpliktande retning. Men spørsmålet er om desse politikarane vil stå ved det dei har sagt om dei kjem i posisjon. Vil nokon våge å ta konsekvensen av det dei har lova og verkeleg satse på forskning? Vi toler snart ikkje fleire løftebrott, seier Hodne.



SV driv valkamp på Karl Johan.



Universitetet i Oslo inviterte partia til valmøte i Gamle festsal.

– Nok av gode løfte

Men kva for saker meiner sektoren er dei viktigaste for den komande stortingsperioden?

Jan I. Haaland, den nye leiaren i Universitets- og høghskolerådet, meiner det er to saker som peikar seg ut.

– Den eine er ei meir føreseieleg og langsiktig opptrapping av midlar til forskning og høgare utdanning. Ei slik opptrapping er viktig både for å nå forskingsmåla, men også for å møte aukande ungdomskull og høgare studenttal i åra framover. Den andre viktige saka er forskarrekuttering. For at fleire skal velje ein forskarkarriere, ønskjer sektoren større fokus på forskarutdanning av høg kvalitet, og i tillegg

fleire stipendiatstillingar og postdoktorstillingar, seier Haaland, som til dagleg er rektor ved Norges Handelshøyskole.

– Men kan ein vente seg ein annan forskingspolitikk om det blir regjeringsskifte?

– Det kan eg ikkje uttale meg om. På papiret vil alle partia, både regjeringspartia og opposisjonen, arbeide for forskning og høgare utdanning. Og ser ein på kommentarane til forskingsmeldinga som i det siste har kome frå opposisjonen, finst det meir enn nok av gode løfte.

Ingen store skiljelinjer

Egil Kallerud, som er seniorforskar i Nifu Step og ekspert på forskingspolitikk, meiner det er

vanskeleg å sjå store skiljelinjer mellom dei ulike partia.

– I staden for å fokusere på innhald, handlar debatten i dag om kva for parti som vil løyve mest pengar til forskning. Etter kvart som ressursar og ressursmål har blitt det viktigaste temaet i forskingsdebatten, har dei politiske skiljelinene blitt meir og meir usynlege. Hovudskilja i dag går heller mellom parti i posisjon og opposisjon, og dette har SV fått merke i regjeringa, seier Kallerud.

– Men det finst vel partipolitiske skilnader i saker som handlar om sterkare marknadsstyring eller fri konkurranse?

– Auka konkurranse eller frie marknadskrefter har i liten grad vore eit tema når det gjeld forskning.

Kallerud har ikkje finlese alle partiprogramma, men når det gjeld forskning, er dei politiske skiljelinene marginale, meiner han.

– Detaljerte analysar av innstillinga frå KUF-komiteen under handsaminga av den nye forskingsmeldinga viser ein del skilnader mellom partia, men desse dreier seg mykje om kor forplikande og ambisiøse opptrappingsmål ein skal setje. Generelt har det vore brei politisk semje om norsk forskingspolitikk, også om dei private forskingsinstitutta, hevdar Kallerud.

I staden for å fokusere på innhald, handlar debatten i dag om kva for parti som vil løyve mest pengar til forskning.

EGIL KALLERUD, seniorforskar, Nifu Step

Ikkje imponert over Stoltenberg

Også Per Nyborg, som har følgd forskingspolitikken tett sidan 1970-talet, synest det er vanskelig å sjå tydeleg skilje mellom partia.

– I den grad det er eit forskingspolitisk skilje, må det vere at Høgre særleg ser på forskning som næringsutvikling, medan Ap og SV har eit breiare syn og ser på forskning som grunnlaget for samfunnsutvikling og verdiskaping. Inntrykket mitt over tid er at særleg Ap har vore oppteken av forskning, men eg har nok vore meir imponert over Gro Harlem Brundtland enn Jens Stoltenberg når det gjeld å satse på forskning, seier Nyborg.

Egil Kallerud meiner Venstre er det partiet som har vore mest på hogget i forskingspolitikken.

– Venstre har prøvd å markere seg som eit forskingsvenleg parti. Men dei som har trudd at Frp er eit negativt parti i denne samanheng, må nok revurdere det. Frp har markert seg i fleire forskingspolitiske saker, og har foreslått å auke den offentlege delen av BNP-målet frå 1 prosent til 1,4 prosent. SV foreslo ein offentlig andel på 1,2 prosent då partiet var i opposisjon, men så kom Soria Moria-erklæringa, og SV måtte rette seg etter dei andre regjeringspartia.

Forskingspolitisk talsmann i Frp Anders Anundsen meiner partiet hans har fått eit uforventt dårleg rykte.

– Ein del miljø er prega av fordommar, men Frp jobbar faktisk svært seriøst med utdan-

Eg har nok vore meir imponert over Gro Harlem Brundtland enn Jens Stoltenberg når det gjeld å satse på forskning.

PER NYBORG, pensjonist og leiar i Forskerforbundets internasjonale utval

ning og forskning. Vi vil auke Forskingsfondet, betre vilkåra for grunnforskning og gje meir langsiktige rammevilkår for forskning, seier Anundsen.

Ap på botnen

Nyleg gjorde Abelia, NHOs foreining for kunnskaps- og teknologibedrifter, ei evaluering av kor kunnskapsvenlege dei ulike partiprogramma er. Dei partia som kom best ut når det gjeld skule, kunnskap og forskning, var Venstre, Høgre og SV. Ap hamna på botnen.

Men då statsminister Jens Stoltenberg vart konfrontert med at Ap legg lite vekt på forskning i partiprogrammet, var han ueinig.

– Vi legg stor vekt på forskning i programmet, og regjeringa har også satsa på forskning i dei årlege budsjetta, svarar han.

– Under regjeringa har løyvingane til forskning hatt ein gjennomsnittleg årleg realvekst på nærare fem prosent, mot fire prosent i førre perioden. Dette er den sterkaste veksten på fleire tiår, argumenterer statsministeren, og vonar nok på fleire røyster frå sektoren. ■

Les meir om kva partia meiner på neste side.

Kva for parti meiner du har den beste forskingspolitikken?



ÅSE BRATTERUD

Seniorforskar, Barnevernets utviklingssenter i Midt-Norge, NTNU Samfunnsforskning

– Arbeidarpartiet. Dei prøver å ha ein heilskapleg politikk, med satsingsområde som blir følgde over tid. Ein annan styrke er at dei har fått til samarbeid om forskning mellom fleire departement.



GRO KVÅLE

Førsteamanuensis, Institutt for statsvitenskap og ledelsesfag, Universitetet i Agder

– Det er ikkje godt å seie. Det verkar ikkje som dei politiske partia meiner det er viktig å ha ein sterk profil på forskning, særleg i valkampen. Andre saker står fram som viktigare for dei.



HEGE WESTSKOG

Forskinsleiar, Cicero Senter for klimaforskning

– Det vil eg ikkje uttale meg om. Eg har ein partipolitisk ståstad, og dette ville ha farga ytringa mi. Som forskar ønskjer eg ikkje å gå ut med oppfatningar som ikkje er forskingsmessig funderte.



Hovudskilja går heller mellom parti i posisjon og opposisjon, meiner Egil Kallerud i NifuStep

Partia svarar:

	KrF	Frp	Venstre
Basisløyvingane til universitet og høgskular har relativt sett gått ned dei siste åra, medan løyvingane som tek utgangspunkt i produksjon har gått opp. Bør denne utviklinga halde fram?	Nei, det er ei uheldig utvikling. Vi vil endre systemet, der auka produksjon gjev mindre basisløyving.	Nei, dei bør aukast. Men vi må samtidig behalde produksjonsverkemidla for å sikre effektiviteten.	Basisløyvingane må opp, vi kan ikkje leve med permanent «kvile-skjær».
Kva kan ein gjere for å få ned talet på mellombels tilsettingar blant forskarar?	Auke basisløyvingane til institusjonane. Finansieringa må bli meir føreseieleg.	Auke basisløyvingane, og gjere forskingsfinansieringa meir langsiktig og føreseieleg. Gjere det attraktivt for institusjonane å tilsette fast.	Institusjonane må få råd til å tilsette fast. Difor treng vi ei styrking av basis og fullfinansiering av stipendiatstillingar.
Bør ein innføre stillingstypen «innstegstillingar» (tenure track)?	Vi går inn for ei prøveordning.	Ja.	Vi er positive til ei prøveordning.
I forskingsmeldinga føreslår regjeringa å utsetje målet om å bruke 3 prosent av BNP til forskning. Bør ein halde fast ved BNP-målet?	Ja. Men vi ønskjer ein meir forpliktande opptappingsplan.	Ja, absolutt. Men vi vil auke den offentlege innsatsen til 1,4 prosent.	Ja, vi har programfesta BNP-mål på 3 prosent innan 2013.
Bør forskingsinnsatsen i tillegg/i staden vere styrt etter utvalde tematiske mål (som klima, helse og velferd osv.), slik forskingsmeldinga legg opp til?	Ja, nokre få, overordna forskingsmål bør kome i tillegg.	Ja, men berre på visse forskingsområde der vi er gode i Noreg.	Ja, no som i 2005. I tillegg krev grunnforskning god basisfinansiering.
Kva vil de konkret gjere for å oppnå betre likestilling i akademien?	Gode svangerskapsordningar og barnehageplassar for forskarar. Vi vil også halde fram med å jobbe for øyremerkte stillingar for kvinner.	Lage gode praktiske ordningar for å kunne kombinere familieliv med forskning. Vi er imot kvotering, dette kan redusere kvaliteten.	Vi vil gå så langt vi kan utan å kome i konflikt med EØS-avtalen. Vi er også opne for å lønne institusjonar som får til god rekruttering av kvinner.
Stadig fleire høgskular ønskjer å bli universitet. Er krava til å bli universitet som dei bør vere, for strenge eller for milde?	Krava er bra som dei er. Men det bør ikkje vere eit mål i seg sjølv å bli universitet, ein bør satse på å styrke høgskulane.	Dei er ikkje for strenge. Vi treng ikkje universitet på kvart eit nes.	Vi vil oppretthalde dei krava som er i dag. Det er ikkje eit mål at flest mogleg høgskular skal bli universitet, men vi vil stimulere til samarbeid mellom institusjonane.
Dei fristilte forskingsinstitutta meiner basisløyvingane er for små. Bør ein auke løyvingane for å sikre desse institutta betre strategisk handlingsrom?	Ja.	Ja.	Ja.
Bør ein vidareføre ordninga med senter for framifrå forskning som i dag, utvide ordninga eller trappe ned?	Ja, ho bør vidareførast.	Ordninga bør vidareførast og utvidast.	Vi vil vidareføre og trappe opp ordninga, i tillegg vil vi styrke sentra for framifrå undervisning.

Høgre	SV	Sp	Raudt	Ap
Basisløyvingane må styrkast, men det er viktig med incentsystem som belønner produksjon.	Basisløyvingane må aukast, dette er den beste måten å sikre god forskning og undervisning på.	Vi har programfesta at basisløyvingane skal auke.	Nei, basisløyvingane må aukast monaleg. Løyvingar ut frå produksjon er ustabile, og gjev uheldige verknader.	Basisløyvingane ligg på omlag same nivå som før, men basis må styrkast, fordi aktiviteten ved universitet og høgskular aukar.
Institusjonane må få store nok basisløyvingar til å tilsette fleire fast.	Institusjonane må aktivt bruke det lovverket som finst for å planleggje karrieren til dei tilsette. Vi ønskjer ein handlingsplan for å få ned talet på mellombels stillingar.	Institusjonane har størst ansvar for å prioritere faste stillingar, men det er viktig at finansieringa blir føreseieleg.	Auke basisløyvingane og arbeide for å styrke rettane til dei tilsette.	Institusjonane må vere modige nok til å tilsette fleire i faste stillingar.
Vi går inn for ei prøveordning frå 2009.	Nei, vi er redde dette vil føre til fleire korttidsstillingar.	Nei, vi har nok mellombels tilsette som vi har.	Vi har ikkje diskutert spørsmålet.	Nei, det er berre eit nytt ord for mellombels stillingar.
Ja, og det foreslår alle opposisjonspartia.	BNP-målet skal ligge fast, men vi ønskjer ein forpliktande opptrappingsplan.	Vi har programfesta å halde fast ved BNP-målet.	Ja, og målet bør ikkje utsetjast.	Ja, som eit langsiktig mål, og det står i forskingsmeldinga òg.
Ja, men tematiske satsingar må vere kopla til ein opptrappingsplan.	Ja, på nokre viktige område som gjeld globale utfordringar og styrking av velferdsstaten.	Ja, det er viktig. Vi støttar utvalde mål som forskingsmeldinga legg opp til.	Ja, ein bør også stimulere forskning på viktige samfunnsområde som klima. Men vi er skeptiske til sterk politisk styring av forskingsinnsatsen.	Ja, vi må bort frå diskusjonen om 3-prosentmålet. Innhald og kvalitet er viktigast.
Vi ønskjer ikkje kvotering, men å legge forholda betre til rette for dei som vil velje ein forskarkarriere, både kvinner og menn. Gode likestillings tiltak er færre mellombels tilsettingar og fleire postdoktorstillingar.	Vi vil arbeide for å øymerke professorstillingar for kvinner, trass i motstand frå EU. Vi ønskjer også stimuleringstiltak for stipendiatar på område der det eine kjønnet er underrepresentert.	God dialog mellom departement og institusjon, og krav om likestillingsplanar ved institusjonane.	Kvotering der kvinner er underrepresentert.	Tydeleg dialog mellom departement og institusjonar om forventningar til betre likestilling. Bruke økonomiske stimuleringstiltak.
Krava bør vere som no, men det er viktig at godkjenninga frå Nokut berre er minstekrav.	Krava ligg der dei skal vere.	Vi forstår at fleire høgskular ønskjer å bli universitet, men det er Nokut som må vurdere dette.	Veit ikkje om dei er for milde. Men i staden for å kjenne seg pressa til å bli universitet bør høgskolane få auka midlar til fagleg styrking og utvikling av eige særpreg.	Krava er stenge nok, men høgskulane bør sjå verdien i å vere høgskule med god kvalitet.
Ja, og det er viktig at alle institutta får same utgangspunkt for finansiering.	Ja, og fleire må kome inn under finansieringsordninga.	Ja, basis bør auke.	Ja.	Ja. Vi ønskjer også å styrke dei som i dag ikkje får basisløyvingar.
Ja, men ein må også styrke nummer to-miljøa som ikkje når heilt opp.	Vi vil vidareføre ordninga og vurdere ei utviding – avhengig av tilrådinga frå sektoren.	Vi ser positivt på ei vidareføring, men avventar ei evaluering frå Forskingsrådet.	Ordninga bør vidareførast, men vi ønskjer også å styrke mangfaldet.	Vi bør utvide ordninga.

Forskerforum har retta spørsmål direkte til partia. Desse har svara: Raudt: Torstein Dahle, SV: Lena Jensen, Ap: Gerd Janne Kristoffersen, Sp: Inger Sofie Engre, Venstre: Odd Einar Dørum, KrF: Dagrun Eriksen, Høgre: Ine Marie Eriksen Søreide, Frp: Anders Anundsen.

SVERIGE

Når prosentmålet i år

■ – I den såkalte Lisboa-strategien har unionens land blitt enige om at alle medlemsstater skal satse én prosent av BNP på forskning. Jeg er stolt over at Sverige, takket være den historiske satsningen som skjedde i «Forskningsproposisjonen 2008», vil nå det målet allerede i år, uttalte den svenske høyskole- og forskningsministeren, Tobias Krantz, på en konferanse i Lund i sommer. På konferansen var 400 politikere, forskere og andre i forskningssektoren samlet for å diskutere hvordan europeisk forskning skal kunne skjerpe kvaliteten og bli mer konkurransedyktig, opplyser Utbildningsdepartementet på www.regeringen.se.

AUSTRALIA

Toppuniversitet kutter 220 jobber

■ Den globale finanskrisen har truffet Australias universitets- og høyskolesektor hardt. Nylig meldte et av landets ledende universiteter, Melbourne University, at staben må kuttes med 220 fulltidsstillinger. Nedskjæringene gjelder både vitenskapelige og administrative stillinger, opplyser nettstedet Universityworldnews.com. Kuttet i antall stillinger skyldes i første rekke at universitetet har tapt stort på sine økonomiske investeringer.



STORBRIANNIA

Kvinner ønsker forfremmelse

■ En undersøkelse utført av forskere ved Glasgow Caledonian University viser at kvinnelige akademikere søker om forfremmelse i tilnærmet like stor grad som sine mannlige kolleger, opplyser The Times Higher Education. Tidligere har man trodd at bekymringer rundt det å kombinere arbeidsliv og familieliv hindret kvinner i å søke på toppjobbene innen høyere utdanning. Slik er det altså ikke, selv om undersøkelsen viste at kvinnene bekymret seg noe mer for dette enn menn når det gjaldt jobber utenfor akademien. Begge kjønn oppga samme grunner for å søke om forfremmelse: høyere lønn, personlig utvikling eller oppmuntring fra ledelsen til å gjøre det.



EUROPA

Forskere bør lede forskningsråd

■ En ekspertgruppe som har evaluert Det europeiske forskningsrådet, European Research Council (ERC), mener det ville ha vært bedre om forskerne selv deltok mer i ledelsen av rådet, skriver nettstedet EurActive.com. Mange forskere har i lengre tid uttrykt frustrasjon over at ERCs system er for komplekst og byråkratisk. Disse problemene truer selve eksistensen til forskningsrådet, mener lederen av ekspertgruppen, Latvias tidligere president, professor Vaira Vīķe-Freiberga. ERC ble etablert i februar 2007 for å gi støtte til forskere og heve de vitenskapelige standardene over hele Europa.



DANMARK

Forum for kvalitetssikring

■ «Kreativitet og mangfold: Utfordringer for kvalitetssikring etter 2010» er tittelen på en konferanse om kvalitetskontroll- og utvikling ved europeiske institusjoner for høyere utdanning. Det er fjerde gang et slikt European Quality Assurance Forum (EQUAF) arrangeres. Denne gangen er Copenhagen Business School vertskap for arrangementet, som går av stabelen 19.–21. november. Bak arrangementet står blant annet the European University Association (EUA) og the European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA). Nokut, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen, er medlem i ENQA. Les mer på www.eua.be.

USA

Norsk uke

■ I mai ble det andre formelle US–Norway-møtet under avtalen for forsknings- og teknologisamarbeid avholdt i Washington DC. Kunnskapsdepartementet ledet den norske delegasjonen. Møtet var spesielt rettet mot samarbeid i Arktis. I september skal partene igjen treffes. Den 27.–30. september arrangeres «Transatlantic Science Week 2009» i Minneapolis, Minnesota. Statsråd Tora Aasland, ambassadør Wegger Christian Strømmen og tidligere visepresident Walter Mondale vil åpne møtet, opplyser Berit Johnne, vitenskapsråd ved den norske ambassade i Washington. Mer informasjon finnes på www.norway.org/restech.



KINA

Norge styrker samarbeid

■ Den norske ambassaden i Beijing skal ansette en prosjektkonsulent innen høyere utdanning og forskning, opplyser Forskningsrådet (NFR). Stillingen er et toårig engasjement og er en del av opptrappingen av norsk tilstedeværelse i Kina. Engasjementet er opprettet i samarbeid med NFR. Med stillingen følger blant annet ansvar for oppfølging av den statlige forsknings- og teknologiavtalen med Kina. Senere i høst vil det også bli utlyst en ny stilling som forskningsråd knyttet til Norges ambassade i Beijing. Begge stillingene er sentrale for å styrke forskningssamarbeidet med Kina.



KINA

Oppretter utdanningssentre utenlands

■ Midtens rike har besluttet å etablere tre nye kinesiske nasjonale utdanningssentre ved universiteter i Australia, Europa og USA. Kinesiske myndigheter uttaler at målet med sentrene er å øke antallet studenter som studerer kinesisk språk og kultur. Nettstedet Universityworldnews.com, som bringer nyheten, er likevel skeptisk og mener myndighetene har en baktanke: å forsøke å omvende en lite vennlig innstilt internasjonal opinion i sin favør.

DANMARK


Rekordmange stipendiater

■ Statistikk for 2008 over nøkkelaktiviteter ved danske universiteter viser et rekordstort antall ph.d.-studenter. Tallene avdekker at så mange som 6271 ph.d.-studenter var registrert ved danske læresteder i fjor, en økning på 8 prosent i forhold til 2007, opplyser organisasjonen Danske universiteter. I samme periode er antall godkjente doktoravhandlinger steget med 11 prosent. Statistikken viser også at antall eksternt finansierte forskningsprosjekter i 2008 steg med 12 prosent i forhold til året før. Inntektene er steget med 14 prosent. Les mer på <http://dkuni.dk/>.

USA

Lærebøker på iPhone

■ E-læringsselskapet CourseSmart planlegger å gjøre e-bøker fra kjente lærebokforlag tilgjengelige via iPhone. Selskapet har inngått en avtale med Apple om dette, melder the Wall Street Journal. I en uttalelse fra selskapet heter det at man ikke forventer at studentene kommer til å lese hele bøker på sine håndholdte duppeditter. Men all tekst fra boken vil være tilgjengelig og kan være til hjelp når studentene har behov for å finne svar på oppgaver, for eksempel når de jobber i kollokviegrupper.



FRANKRIKE

Satser på energiforskning

■ En ny, fransk energiforskningsorganisasjon har blitt etablert for å koordinere og forbedre effektiviteten til sektoren nasjonalt, samt for å bidra til europeisk forskning, opplyser Universityworldnews.com. Organisasjonen har fått navnet ANCRE, Alliance Nationale de Coordination de la Recherche pour l'Energie, og ble lansert av høyere utdannings- og forskningsminister Valérie Pécresse og energi- og miljøminister Jean-Louis Borloo. Bak etableringen står det franske atomenergibyrået CEA, det franske oljeinstituttet IFP og det franske forskningsrådet CNRS. ANCRE skal samarbeide med disse tre, men også med universiteter og andre offentlige forskningsinstitutt innenfor sektoren.



STORBRITANNIA

– Mer samarbeid mellom bedrifter og universitet

■ Nesten alle, det vil si 97 prosent, av Europas studenter vil at næringsliv og utdanningsinstitusjoner skal samarbeide mer, opplyser det svenske Høgskoleverket. Studentene er spesielt opptatt av at de gjennom utdannelsen skal få tilstrekkelig kunnskap og kompetanse om det som faktisk etterspørres i arbeidsmarkedet. Det viser undersøkelsen «Students and Higher Education Reform», foretatt blant studenter i 31 europeiske land, inkludert Tyrkia.

USA

Kvinnelige ingeniørstudenter slutter ikke

■ Nye tall viser at selv om det kan være vanskelig å få kvinner til å studere realfag, så er det ikke et problem å få de som faktisk begynner til å bli værende. Kvinnelige studenter blir værende i like stor grad som menn. Det er derfor viktigere å bruke ressurser på å få kvinner til å begynne på realfag enn på å få de som allerede er der til å bli værende, opplyser The Chronicle of Higher Education. Tallfunnene er hentet fra en database over 70 000 ingeniørstudenter ved ni institusjoner i de sørøstlige delene av USA. Studien er utført av forskere ved Purdue University, the University of San Diego og the Rose-Hulman Institute of Technology, og skal publiseres i the Journal



DET KAN KREVJE KAMP Å BLI UNIVERSITETSREKTOR. MEN NÅR POSISJONEN ER VUNNEN, KVA KAN EIN REKTOR GJERE?

MAKT MED MODIFIKASJONAR

SIGMUND GRØNMO OG OLE PETTER OTTERSEN I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL
FOTO: LINDA BOURNANE ENGELBERTH

Skal du bli universitetsrektor i Noreg, bør du ha gått landsgymnas. I april i år vart Sigmund Grønmo¹ med artium frå Steinkjer attvald som rektor ved Universitetet i Bergen (UiB), medan Ole Petter Ottersen² med artium frå Orkdal vart vald til ny rektor ved Universitetet i Oslo (UiO). Forskerforum møtte rektorane ved dei to største norske universiteta for å snakke om topp, breidd og handlingsrom.

– Dei siste rektorvalkampane i Bergen og Oslo fekk mykje merksemd, og valdeltakinga var imponerende høg. Korleis tolkar de den interessa?

SG: – Eg tolkar deltakinga som eit uttrykk for at det er stor interesse for å kunne medverke i avgjerdene på universitetet. Eg er ikkje minst glad for at kvar tredje student ved UiB røysta, det er rekord. Og blant dei tilsette røysta heile 70 prosent.

OPO: – Valdeltakinga syner at universitetsdemokratiet er lys levande. Og interessa reflekterer òg ei aukande interesse i samfunnet for forskning og utdanning, som er i ferd med å bli viktigare som politiske felt.

– Interessa for rektorvala er paradoksalt: I begge vala hadde mange problem med å sjå tydelege skilnader på kandidatane³. Syner ikkje dette at rolla til ein universitetsrektor er strengt definert av rammevilkåra, og at handlingsrommet er avgrensa?

SG: – Det er sjølvsagt mykje lettare for dei som arbeider eller studerer ved universitetet å skjønne kva valet dreiar seg om, enn det er for utanforståande. Retorisk er vi nok prega av ein akademisk debattkultur. Men valdeltakinga tyder på at studentar og tilsette oppfatta skilnadene mellom kandidatane.

OPO: – I ein valkamp er det visse måtar ein må formulere seg på, anten det er på universitetet eller i politikken. Den litt ulne måten å uttrykke seg på finst òg i det politiske livet. Vi får ta litt sjølvkritikk på dette. Det er elles sant at det er stor semje om mange hovudtrekk i universitetssamfun-

net. Men dei som er inne i dei sakene som vart debatterte i valkampen, såg nysansane.

Handlingsrommet til ein rektor kan i det minste tøyast litt. Sigmund Grønmo klarte gjennom hard strid å utvide rektormakta i løpet av første perioden sin, på kostnad av universitetsdirektøren. Ved UiB hadde Kåre Rommetveit vore ein svært mektig direktør i mange år.

– Ut frå den erfaringa – har du nokon råd til Ottersen når det gjeld maktfordelinga mellom rektor og direktør?

SG: – Universitetet i Bergen har vore sett på som ganske direktørstyrt lenge. Da eg stilte til val i 2005, var det med ein klar ambisjon om å styrkje den faglege leiinga på alle nivå. Ein komité gjekk gjennom forholdet mellom rektor og direktør, og gav ein ny instruks til universitetsdirektøren. Det var viktig. Eg vil nødig uttale meg om forholda ved universitetet i Oslo. Men generelt vil eg seie at det løner seg å ha ei god prinsipiell og praktisk avklaring av dette. Da blir systemet òg mindre personavhengig.

– Knut Olav Åmås skreiv i Aftenposten før valet i Oslo: «Ottersen og hans rektorat har tyngde til å danne en faglig motvekt til direktørsjiktet ved Universitetet i Oslo – med den styringsambisiøse universitetsdirektør Gunn Elin Bjørneboe og hennes mektige administrasjon.» Kommentar, Ottersen?

OPO: – Situasjonen er hundre prosent avklart. Rektor er universitetets øvste leiar, og det er det full aksept for i heile den administrative lina.

I valkampen i Oslo var det mykje snakk om breidd versus topp, og Ole Petter Ottersen vart profilert som «elitekandidaten». Sigmund Grønmo har vore presentert som ein forsvarar av breidda.

– I røynda må universiteta dykkar vere både breidd og topp. Men det må føre til ein del dilemma. Når Ottersen skal skaffe pengar til eit senter for framtidsforskning, korleis forklarar du det til dei som får kutt i budsjetta sine fordi senteret ikkje er fullfinansiert?

OPO: – Eg sa ikkje i valkampen at det skulle bli meir pengar til senter for framtidsforskning. Du gjer det same som mange andre, du blandar saman rolla mi som leiar for eit slikt senter og mine politiske standpunkt.

– Men kva gjer du som rektor om eit slikt dilemma oppstår?

OPO: – Her er det eit viktig poeng som eg håpar Forskerforum får med seg: Når eg snakkar om breidd, snakkar eg om fagleg breidd. Eit universitet skal kunne belyse eit problem frå mange ulike vinklar. For somme tyder kanskje uttrykket «breidd» noko anna, til dømes å gje ressursar til forskning som ikkje held mål. Men ingen vinn på at ein ikkje held kvalitetskrava oppe.

– Grønmo: I løpet av rektortida di må du vel ha opplevd at omsyna til topp og breidd kolliderer?

SG: – I ein situasjon der vi må velje mellom det du kan kalle toppforskning og prioritering av breidda, er svaret enkelt. Det viktigaste kriteriet for eit universitet er fagleg kvalitet, så da må toppforskninga prioriterast.

1 Sigmund Grønmo er fødd i 1947. Han reiste frå odelen sin i Sømna og vart professor i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Grønmo tapte rektorvalet ved UiB i 1997, men vart vald til rektor i 2005. Han vart attvald i april 2009 med 52,6 prosent av røystene.

2 Ole Petter Ottersen er fødd i 1954 på Kongsberg og oppvaksen på Kyrksæterøra. Han er professor i medisin og hjerneforskning. Ottersen leidde Senter for molekylærbiologi og nevrovitenskap ved UiO da han vart vald til rektor 2. april i år. Han fekk 65 prosent av røystene.

3 I Bergen klagar BT-lesarane over at dei ikkje skjønnte kva valet eigentleg handla om, og retorikk ekspertar skulda Grønmo og Rolf Reed for å pakke språket sitt inn i bomull. I ein kommentar om Oslo-rektorvalet i Morgenbladet vart kandidatintervjua med Ottersen og Wyller samanlikna med å sjå to glasmanetar i ein bolle vatn.



Fagleg breidd er heilt avgjerande for UiO og UiB, men kvalitet må vere avgjerande. Om nokon får mindre pengar fordi dei ikkje nådde opp kvalitativt, må ein som rektor vere tydeleg og stå for det. Om det ikkje er så klare grunnar til nedprioriteringa, må ein forklare avgjerda ut frå ei heilskapsvurdering.

OPO: – På institusjonsnivået tyder kvalitet mellom anna evne til å prioritere. Dersom ein må prioritere hardare ved kvar institusjon, er det viktig å tenkje nasjonalt. Vi må gjenopplive kongstanken om å dele oppgåvene betre mellom universiteta. I eit lite land som Noreg er det ikkje unaturleg med meir nasjonal arbeidsdeling.

SG: – Det er eg veldig einig i, og eg ser fram til å samarbeide med Ottersen om dette.

– Ei av hovudoppgåvene dykkar er å skaffe pengar til universiteta. Men alle argument de kan kome med, har politikarane og byråkratane høyrte før. Så kva kan ein rektor gjere, kva arbeidsmåtar fungerer best for å skaffe pengar?

SG: – Det er mange svar på det. Eit spesielt døme er det såkalla rektoropprøret i 2007, etter det famøse «kvileskjeret» til Djupedal. Da stod universitetsrektorane saman mot budsjettkutta. Det var ei sterkt medverkande årsak til at vi fekk ein eigen statsråd for forskning og høgare utdanning, som skaffa attende pengane som vart borte med kvileskjeret. Men ofte er det vel så effektivt å arbeide opp mot løyvende styresmakter. Eg trur det er viktig at vi arbeider over heile det politiske spekteret, både overfor regjeringa og komiteen på Stortinget.

– Ottersen skreiv i eit debattinnlegg i valkampen: «Vi trenger en rektor med stor faglig tyngde.» Kvifor er det viktig for ein universitetsrektor å vere ein merittert forskar?

OPO: – Det gjev legitimitet. Eg har inga tru på at ein kan ha stor legitimitet som leiar for universitetet utan at ein har solid fagleg bakgrunn.

– Du er sikkert mykje meir sitert internasjonalt enn Grønmo ...

OPO: – Vi kjem frå to heilt ulike fagområde, som ikkje kan samanliknast.

For unge talent som universiteta burde rekruttere, er det ikkje lenger like sjølvsgatt at dei hamnar på universitetet.

SIGMUND GRØNMO

– ... dessutan har du laga ein medisins mot vatn i hjernen⁴. Da må vel du vere betre kvalifisert som rektor enn Grønmo?

OPO: – Hm. Den ironien din gjekk meg hus forbi.

Grønmo ler, og ser ikkje fornærma ut.

SG: – Eg skal ikkje gå inn i den problemstillinga. Men eg er samd i at det er avgjerande at leiinga ved eit universitet er forankra i fagmiljøa. Eg var prorektor frå 1999 til 2001, så var eg professor att i tre år før eg vart rektor. At eg var innom fagmiljøet i mellomtida gjorde meg utan tvil til ein betre rektor.

OPO: – Eg har ambisjonar om å halde kontakten med mitt eige forskarmiljø som rektor. Det er livsfarleg å isolere seg på rektorkontoret. Eg skal tilmed prøve å få undervist litt innimellom.

Både Ottersen og Grønmo er svært klare på at universitetsrektorar skal veljast. Tidlegare universitetsdirektør Hanne Harlem har ved fleire høve kritisert dette synet.

– Harlem ser få grunnar til at universitet skal leiast annleis enn andre samfunnsinstitusjonar. Legane og sjukepleiarane vel ikkje sjefar ved sjukehusa. Kvifor er universiteta så spesielle?

SG: – Universitetet skal utvikle og formidle ny kunnskap. Det krev at leiinga sjølv er forankra i fagmiljøa. Om ikkje leiinga har legitimitet i fagmiljøa, kan det føre til overgrep mot den faglege fridomen. Og deltakinga og engasjementet ved rektorvala syner at dette er prosessar som fungerer.

OPO: – Harlem har gått glipp av den enorme skilnaden mellom universitetet og andre bedrifter. Universiteta er unike gjennom samfunnsoppdraget sitt: å innhente, forvalte og generere kunnskap. Og det er sterk

⁴ Medisinen teamet til Ottersen har laga, skal hemme tilførsel av vatn til hjernen etter hjerneslag. Opphoping av vatn i hjernen heiter hjerneødem og er vanleg etter slag. Auka trykk i kraniet kan føre til at delar av hjernen misser blodforsyninga.



samanheng mellom kreativitet og entusiasme på eine sida og medverknad på den andre. Tek ein bort medverknaden, trur eg ein tek bort mykje av kreativiteten.

– NTNU har tilsett rektor. På kva måtar skadar det forskinga ved NTNU?

OPO: – Eg vil ikkje leggje meg opp i kva som skjer internt ved NTNU. Tilsett rektor kan sikkert fungere i mange samanhengar. Men eg trur universitetssamfunnet på sikt er betre tent med vald rektor. Valsystemet gjev universitetet eit tryggingsnett.

SG: – I NTNU-modellen heng tilsett rektor saman med ekstern styreleiar. Sjølv om rektor Digernes og styreleiar Arnstad gjer ein utmerkt jobb, er det eit prinsipielt poeng her: Skal universitetets øvste organ leiast av ein person som kjem utanfrå og ovanfrå? Eit universitet skal ikkje berre ha fagleg fridom, men òg institusjonell autonomi.

– Kvalitetsreforma har gjort mange universitetsfolk ulukkelege. Du, Grønmo har lenge vore svært kritisk til reforma. Men har dei vitskaplege tilsette i Bergen meir tid til forskning no enn da du vart rektor?

SG: – Vi er i alle fall mykje meir merksame på kva vi kan gjere innanfor rammene av kvalitetsreforma for å skaffe oss tid til forskning. Det er for lite tid til forskning i så å seie alle fagmiljøa våre. Ved UiB arbeider vi for å forenkle studietilbodet og omorganisere undervisninga for å frigjere tid. Truleg oppretta universiteta ei tid for mange nye, fancy kurstilbod og studium. No konsentrerer vi oss meir om kjernedisiplinane. Likevel støyter vi mot ressursavgrensingane.

– Ottersen leia ei evaluering av UiO i 2001. Kjærleik til universitetet får forskarane til å bli verande, konkluderte du da. Er kjærleiken sterkare eller svakare i dag?

OPO: – Eg trur framleis mange er stolte over å ha universitetet som arbeidsplass. Men det er òg meir frustrasjon på grunn av dei økonomiske vilkåra.

SG: – Personleg blir eg meir og meir glad i universitetet som arbeidsplass, og eg veit at svært mange kollegaer kjenner det slik. Men for unge

Vi må gjenopplive kongstanken om å dele oppgåvene betre mellom universiteta.

OLE PETTER OTTERSEN

talent som universiteta burde rekruttere, er det ikkje lenger like sjølv sagt at dei hamnar på universitetet.

– Den ekstreme bruken av mellombels stillingar ved universiteta er ikkje bra for kjærleiken?

OPO: – Nei. Vi må sikre meir føreseielege karriereløp. Noko uvisse vil det alltid vere i arbeidet som forskar, men i dag er det for mykje.

SG: – Vi må sørge for at folk lettare kan planleggje framtida si ved universitetet. Vi må få opp talet på stipendiat- og postdoktorstillingar, men få ned talet på dei andre som går i mellombels engasjement i år etter år.

– Har universiteta vore flinke nok til å bruke dei høva de har for å gje fleire fast tilsetjing?

OPO: – Nei. Vi må feie for eiga dør, og bør vere mykje meir kreative i arbeidet med å gjere karrierane meir føreseielege.

SG: – Ein måte kan vere å bruke dei eksterne forskingsmidlane våre til å finansiere fleire professor- og førsteamanuensisstillingar. Det vi ikkje vil ha meir av, er reine forskarstillingar utan undervisning.

– UiO har hatt som ambisiøst eller urealistisk mål å vere blant Europas beste universitet. Korleis pregar storleiken på universiteta dykkar ambisjonsnivået?

OPO: – Å skalere ned studentmassen for å prøve bli eit reint eliteuniversitet er ikkje politisk mogleg. Vi skal ha ein studentmasse på eit nivå kring dagens, men det er rom for å forbetre kvaliteten likevel. Vi kan aldri kome på topp i Europa, men å klatre på rankinglistene er mogleg.

SG: – Vi bør først og fremst ha ambisjonar om forskingskvalitet. UiO får nok litt ekstra gjennom storleiken sin, med større fagmiljø og meir å velje i. Men UiB har eit bra handlingsrom som eit mellomstort europeisk universitet. Og sjølv om Noreg har fått mange nye universitet, må vi halde på profilen vår som eit breitt og internasjonalt synleg forskingsuniversitet. Det er det vi skal vere. ■

KVEN: Elise Anonby Olsvik, Kenneth Pettersen og Ole Andreas Engen ved Universitetet i Stavanger, Peter Burgess og Nina Boy ved Institutt for fredsforskning.

KVA: Forskar på tryggleikstiltak i norsk sivil luftfart. Er dagens tiltak effektive – og korleis kan dei eventuelt bli betre?

KORLEIS: Feltarbeid på tre norske flyplassar, i tett kontakt med alle grupper av tilsette som arbeider med tryggleik. Teoriutvikling.

AV KJERSTIN GJENGEDAL

Tryggleiksmaski

I dag er luftfartsindustrien mykje reddare for terror enn for tekniske feil. Det har ført til store endringar i tryggleiksprosedyrane på flyplassane.



PROSJEKT: The Social Determination of Risk: Critical Infrastructure and Mass Transportation Protection in the Norwegian Civil Aviation Sector. INSTITUSJON: UiS, Prio, Avinor. FAGRETNING: Risikostyring og samfunnstryggleik. FINANSIERING: Noregs forskingsråd gjennom SAMRISK-programmet. UUNNVERLEGE VERKTØY: Datamaskinar til skriving. PUBLISERINGSFORM: Artiklar i internasjonale tidsskrift, to doktorgradar, fleire mastergradar. NY KUNNSKAP: Korleis sosiale og kulturelle variablar bør inngå som ein del av risikostyringa.

kineriet



Mange yrkesgrupper har ansvar for at flytrafikken skal være sikker. Dei siste åra er det blitt vanskelegare for dei å gjere jobben sin.

Det har blitt ein tøff jobb å være flypassasjer dei siste åra. Har ein eigentleg lov å ha med striketøyet på flyet? Kva med den ammande mora på veg heim frå jobbreise, slepp ho igjennom tryggleikskontrollen med morsmjølka som er blitt pumpa i løpet av dagen? Kvifor er sjampoen eit potensielt terrorvåpen i originalflaska, men heilt ufarleg i 100-millilitersflasker?

– Reguleringa av tryggleiken i luftfarten blir meir og meir spesifikk, og også meir og meir hemmeleg. Kva som blir regulert, og korleis overvaking og regulering blir utført, skal ikkje gjerast offentleg, av den enkle grunn at terroristane ikkje skal vite korleis tryggleikspersonalet tenkjer. Det har nedfelt seg i at vi passasjerar ikkje nødvendigvis får beskjed om kva som er lov å ha med på flyet, og kva som ikkje er lov, seier Ole Andreas Engen ved Universitetet i Stavanger.

Mange vegar til risikoforskning

Som forskar på prosjektet The Social Determination of Risk er det for tida jobben hans å avdekke interessante dilemma og paradoks som oppstår når norske flyplassar raskt skal innføre EU-reglar som dei ikkje alltid ser nytten i. Gjennom å bruke norsk sivil luftfart som case, skal prosjektet utvikle eit samfunnsfagbasert teoretisk rammeverk for studiar og handtering av risiko. Rammeverket skal omfatte risiko som ein reell og objektiv storleik, men også korleis individ og grupper i ulike sosiale samanhangar vurderer og oppfattar risiko. Spekteret av samfunnsvitskaplege tilnærmingar til risiko er stort, og det er ei utfordring for forskarane å sy det heile i hop slik at dei kan bygge vidare på det.

Frå råd til lov

Moderne sivil luftfart har vore underlagt ei viss overnasjonal styring gjennom FN-organet Inter-

national Civil Aviation Organization (ICAO), som gjev råd til nasjonale styresmakter om korleis sivil luftfart, inkludert tryggleik, skal drivast. Ut frå desse råda har det vore etablert nasjonale og regionale praksisar, avhengig av trusselvurderingar og andre omsyn, men råda har ikkje hatt sanksjonar knytt til seg.

Så kom 11. september 2001. Sidan har vestlege styresmakter kappast om å overby kvarandre på tryggleiksfronten. Resultatet er at tryggleiksregima ved europeiske, og dermed norske, flyplassar er blitt drastisk endra. EU-reglane har form av lovgeving, og medan ein før var mest opptekne av tekniske feil, er det terror som er den altoverskyggande potensielle trusselen no for tida. Og det er ikkje berre passasjerar som skal kontrollrast. Også dei som jobbar på flyplassane eller om bord på flya, blir overvaka og kontrollerte.

– Ein del tilsette i luftfarten synest naturleg nok det er paradoksalt at dei, som har ansvar for at flya skal kome trygt fram, også blir sett på som potensielle terroristar. Det finst eigne folk som skal kontrollere dei som jobbar på flyplassane, og det fører lett til sosiale spenningar og konflikhtar. Det gjer heile tryggleikssituasjonen veldig komplisert, og det viser kvifor ei teknisk tilnærming til risiko ikkje lenger er tilstrekkeleg, forklarar Engen.

I Båtsfjord som på Heathrow

For å skaffe eit empirisk grunnlag for å analysere denne risikoen i ein norsk kontekst, har prosjektet knytt til seg ein doktorgradsstipendiat med bakgrunn frå sosialantropologi. Elise Anonby Olsvik har gjort feltarbeid på tre norske flyplassar: Sola, Gardermoen og Båtsfjord. Der har ho arbeidd tett med alle som har ansvar for tryggleiken, intervjuar dei og følgd dei i arbeidet.

– Reguleringane som er innførte dei siste åra, er standardiserte og detaljstyrte frå EU-nivå, slik at det som gjeld på Heathrow også skal gjelde i Båtsfjord. Det er ikkje mykje rom for å gjere lokale tilpassingar, og det står i sterk kontrast til måten risikoregime tradisjonelt har utvikla seg på i norsk industri. Vanlegvis er det nettopp lokal ekspertise og lokale tilhøve som avgjer korleis prosedyrane blir, peikar Kenneth Pettersen på.

Innan luftfarten er den lokale ekspertisen langt på veg blitt utdefinert. Det gjer at mange reguleringar blir vanskelege å handheve i praksis.

Verst for dei tilsette

– Sunn fornuft seier oss at situasjonen på ein liten, norsk utkantflyplass er annleis enn på ein stor, internasjonal flyplass, og dermed er det klart at dei som jobbar med tryggleiken, reagerer på mange av reguleringane. Dei ser at rutinar som skal innførast, ikkje fungerer fordi dei er tilpassa ein større flyplass med fleire ressursar og ein annan økonomi. Her ligg kjernen i mange av konfliktane vi ser, seier Engen.

The Social Determination of Risk

- Samarbeid mellom Institutt for freds- forskning, Senter for risikostyring og samfunnstryggleik (SEROS) ved Universitetet i Stavanger, og Avinor.
- Finansierte av Forskringsrådet gjennom Samrisk-programmet.
- Prosjektperiode: 2007-2010.
- www.prio.no/SORISK/



Korleis definerer og handterer menneske risiko? Kenneth Pettersen (t.v.) og Ole Andreas Engen studerer luftfartsindustrien for å få vite meir om dette.

Overalt der menneske samlast, høyrer ein historier om uforståelege reglar for kabinbagasje og vilkårleg behandling i tryggleikskontrollen. Likevel vågar forskarane å hevde at tiltaka på passasjersida sannsynlegvis har hatt ein viss effekt. I det minste kjem flya seg stort sett av garde, sjølv om passasjerane er irriterte. Det er på driftssida at utfordringane er størst.

– Mellom anna handlar det om at dei som jobbar i luftfarten, får redusert handlingsrom. Frå eit tryggleikssynspunkt ønskjer ein seg jo helst årvakne, kompetente tilsette som er i stand til å ta avgjerder, og som får den tilliten som er nødvendig for å kunne ta dei. Men dagens tryggleiksregime fungerer nesten motsett. Dei tilsette får ingen tillit, men berre ei liste over ting som skal sjekkast. Dei blir fråtekne sjansen til å tenkje sjølv, forklarar Pettersen.

Ansvar utan fridom

Denne konfliktdimensjonen går heilt til topps på flyplassane. Den som er tryggleikssjef på ein flyplass, vil gjerne ha fridom til å ta avgjerder som vedkomande tykkjer er mest mogleg fornuftige. I staden blir tryggleikssjefen redusert til å gjennomføre avgjerder tekne på EU-nivå.

– Dei blir fråtekne myndigheit, men sit framleis att med ansvaret. Det er ein frustrerende situasjon. På kva punkt blir reglane som skal

auke tryggleiken, i seg sjølv ein risiko? Eitt av hovudpoenga med prosjektet er å avdekke desse paradoksa, seier Engen.

Slike paradoks kan i seg sjølv utgjere ein tryggleikstrussel når systemet misser legitimitet hos dei som skal handheve det. Engen dreg parallellar til petroleumsindustrien, som han også arbeider med:

